



NRK-båten for full fart langs kysten (Foto:NRK)

Komande fredag blir det ny Sommeråpent-sending frå MS «Sjøkurs» – denne gong frå Rosendal. Det siglende NRK-studioet kjem inn Storsund og forbi Uskedalen, og no oppmodar Kvinnherad Turistinformasjon folk om å møta opp og ta imot båten klokka 13.30.

– Hugs flagg! oppmodar Kvinnherad Turistinformasjon på nettsida si i samband med NRK-sendinga frå Rosendal fredag kveld. Klokka halv to på ettermiddagen skal båten altså vera inne.

– MS «Sjøkurs» kjem inn Storsund forbi Uskedalen, så vi håpar det blir folk på alle nes når båten har kurs mot Rosendal, skriv Kvinnherad Turistinformasjon.

Dei har allereie fått melding om fleire flotte trebåtar som vil følgja båten siste stykket inn, og håpar samtidig at mange kreative folk tek turen for å få med seg ankomsten.

På Skaalurenkaien i Rosendal blir det sal av tallerken med Sundepølse og nysteikte mjelkekaker. Jazzverket vil spela og publikum kan sjå Festidalen-kunstnar Gaute Haugland frå Uskedalen dekorera siloballar utover ettermiddagen.

Etter live-sendinga på NRK er [Festidalen](#) i full gong med endå meir live-musikk, Sommaråpent er ferdig klokka 22.15, Karen Løvfall i Turistinformasjonen trur sendinga kan fungera som eit vorspiel til Festidalen. Folk kan møta opp i Rosendal tidleg'på kvelden og seinare dra til Uskedalen. Det er ei god løysing, meiner ho. Det er lovande vermeldingar for fredag,

Av Kristian Hus

